



# RTP-investeringar

Rullering 2023

# Innhald

1. Innleiing	3
2. Rammer	4
2.1 Fordeling av investeringsmidlar innan samferdsel	4
2.2 Fordeling av rammer til ulike område	5
2.3 Mindre utbetringar og strekningstiltak	5
2.4 Samfinansiering	6
3. Portefølje-prioritering	7
4. Bompengepakkar og andre pakkar	8
5. Mjuke trafikantar	8
6. Skredsikring	11
7. Prioriterte regionale hovudvegar	13
8. Bru og kai	15
9. Tunnel	16
10. Ferjeavløysingsprosjekt	18
11. Infrastruktur-prosjekt knytt til kollektivtrafikken	19
12. Vegprosjekt	21
13. Miljøløftet	23

# 1. Innleiing

Fylkestinget i Vestland vedtok i juni 2022 Regional transportplan – Investeringar, basert på prioriteringane i Regional transportplan 2022-2033. Dette er første rullering av dokumentet, og gir overordna rammer for investeringane innan det fylkeskommunale ansvarsområdet for samferdsel. Saka fastsett rammer for fordeling av investeringar til ulike føremål. Vidare kva som er fylkeskommunen sin portefølje av store prosjekt på fylkesveg, og kva for prosjekt som skal prioriterast for vidare planlegging og for realisering. Store prosjekt er her definert som utbygging med ein estimert kostnad på over 50 mill. kr, samt mindre prosjekt under 50 mill. kr som krev reguleringsplan eller anna meir omfattande planlegging. Midlar til mindre investeringar blir fordelte gjennom investeringsbudsjettet.

Rulleringa bygg på hovudmåla i Regional transportplan 2022-2033 som er:

- **Veksten i forfallet på fylkesvegnettet skal stoppast**
- **Fylkesvegnettet skal vere opent og trygt å ferdast på.**
- **Fylkesvegnettet skal vere sikra og tilpassa framtidige klimaendringar.**

Regional plan for klima blei vedtatt i fylkestinget 15. desember 2022. Regional klimaplan gir grunnlag for klimaomstilling av Vestland fylke for å nå målet om eit samfunn med netto nullutslepp. Dette inneber ei brei samfunnsendring der vi både reduserer klimagassutsleppa, samtidig som vi tilpassar oss til dagens og framtida sitt klima, òg tek i vare naturmangfaldet. For RTP investeringar vil det difor vere viktig å legge til rette for eit effektiv transportsystem basert på låg- og nullutsleppsløysingar og berekraftig mobilitet for å sikre at måla i Regional plan for klima kan nås.

RTP Investeringar blir følgt opp gjennom den vidare budsjett- og økonomiplanprosessen som angir fordeling av investeringane på år i den komande økonomiplanperioden 2024-2027. Vidare vil den bli følgt opp gjennom sak om løyvingar til planprosjekt for 2024.

Dette dokumentet ligg også føre i ein story-map-løysing. Her er prosjekta vist i kart, og det er mogleg å få fram meir informasjon om prosjekta ved å trykke på prosjekta i kartet.

Story-map-løysinga ligg på [Regional transportplan-Investeringar 2023 \(arcgis.com\)](https://arcgis.com)

## 2. Rammer

### 2.1 Fordeling av investeringsmidlar innan samferdsel

I økonomiplanperioden 2023-2026 er det samla investeringsprogrammet innan samferdsel på om lag 13,7 mrd. kr. Figuren under viser fordeling på ulike delar av budsjettet. Andre føremål infrastruktur og veg omfattar område i budsjettet som er avsett til rammer til ulike område på vegområdet. I tillegg til dei områda som er omtala i avsnitt 2.2. nedanfor, omfattar dette også midlar til Andre tiltak som i 2023 er budsjettet til 213 mill. kr i økonomiplanperioden (grunnverv, forskotteringar, avslutning av prosjekt mv)

RTP investeringar vil leggje føringar for bruk av midlar i komande budsjett- og økonomiplanperiode innan følgjande område:

- Fordeling av midlar til ulike tiltak innan vegområdet. Dette omfattar både store vegprosjekt og andre føremål på vegområdet, sjå avsnitt 2.2.
- Skredsikring vert finansiert gjennom midlar over rammetilskotet til fylkeskommunen til særskild fordeling til ras- og skredsikringstiltak. I tråd med tidlegare vedtak i fylkestinget, skal desse midlane i heilskap gå til skredsikringstiltak.


- Midlane til Miljøløftet blir i denne rulleringa fordelte gjennom handlingsprogrammet til Miljøløftet.

Bompengepakkar vert vedtekne og styrt gjennom eigne stortingsproposisjonar. Fylkeskommunen finansierer delar av dette som fylkeskommunale bidrag inn i bompengepakkar.

Det er vidare avsett investeringsmidlar til andre føremål i budsjettet. Dette gjeld investeringstiltak til t.d. ulike investeringstiltak hjå Skyss til digitale plattformer og mobilitetstenester innanfor kollektivtiltak.

Det er i tillegg nemnt i økonomiplanen for perioden 2024-2027 følgjande behov som må innarbeidast i investeringsprogrammet i økonomiplanperioden:

- Busskontraktar i Nordfjord, Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal vil ha oppstart sommaren 2025, og busskontraktane for Sunnfjord, Sunnhordland og Sogn sommaren 2026. Investeringskostnad er ikkje estimert for desse anboda enno. Gitt val av elektriske bussar, vil det måtte investerast i ladestasjonar og nettoppgradering.
- Infrastruktur på land til ladestasjonar og nettoppgradering for bybåtsamband i Bergensområdet frå 2024, og ny båtkontrakt for Bergen-Nordfjord-Sogn/Flåm mot slutten av økonomiplanperioden.
- Restutbetaling etter Bybanen byggetrinn 4 til Fyllingsdalen.
- Førebuande arbeid for Bybanen byggetrinn 5 til Åsane.



Figur: Fordeling av investeringsmidlar i økonomiplanperioden 2023-2026.





Delar av fylkesvegnettet skal opnast for modulvogntog. Foto: Silje Alvsaker/Vestland fylkeskommune

## 2.2 Fordeling av rammer til ulike område

Det er lagt opp til å sette av tentative rammer til ulike område i investeringsprogrammet. Dette er måltal for storleiken på løyvingar til ulike føremål. Med dette vert det sett eit mål om kor store løyvingane bør vere for å følgje opp føringane i Regional transportplan. Rammene utgjør styringsmål for storleik på løyvingar på ulike område, og vil vere eit verkemiddel for framtidig planlegging og prioritering mellom ulike budsjettområde. Desse rammene må forståast som måltal eller gjenomsnitt over fleire år, og vil kunne variere noko frå år til år ut i frå den samla innrettinga av budsjettet, planavklaring av prosjekt og gjennomføringsevne i organisasjonen.

Fordelinga er som følgjer av tabellen under.

Budsjettområde	Økonomiplanperioden
Bru og kai	800 mill. kr.
Tunneloppgradering	800 mill. kr.
Planprogram	200 mill. kr.
Trafikktryggleik/ mindre utbetringar	800 mill. kr.
Samfinansiering	100 mill. kr.
Prioriterte hovudveggar	800 mill. kr.
Mjuke trafikantar	600 mill. kr.
Veg- og infrastrukturtiltak for kollektiv	100 mill. kr.
<b>Sum</b>	<b>4 200 mill. kr.</b>

Det er gjort ei endring i strukturen for samleløyvingane sidan 2022. Det tidlegere området Strekningsvise utbetringar er endra til Prioriterte hovudveggar, for å synleggjere at denne gjeld prioriterte veggar i funksjonsklasse B (regionale hovudveggar).

Det vert fram mot neste rullering gjort ei vurdering av å slå saman budsjettområda Trafikktryggleik/Mindre utbetringar, gang- og sykkeltiltak og Kollektivtiltak, då prosjekt innan desse områda ofte er overlappande. Vidare vert det vurdert å etablere to nye område, ei for mindre punkttiltak og eit for strekningstiltak (sjå avsnitt 2.3).

Avsetningar til desse områda og bindingar frå pågåande prosjekt, vil til saman binde opp store delar av budsjettet. Tilgjengelege midlar utetter dette vert føreslått brukte til store vegprosjekt.

## 2.3 Mindre utbetringar og strekningstiltak

Det vert arbeidd vidare med å vurdere ordningar knytt til Mindre utbetringar og strekningstiltak. Målet er å sikre høgare måloppnåing og å få meir for pengane:

- Avsetjing av ein pott under Mindre utbetringar som kan gjennomførast på kort sikt, som mindre punkttiltak der det ikkje vil vere krav til reguleringsplan. Det vert teke sikte på at ei slik løyving skal vere enkel, ubyråkratisk og fleksibel slik at tiltak kan iverksetjast raskt. Det vert kome tilbake til innretting av ei slik ordning.
- Strekningstiltak på med mål om å samordne ulike typar av tiltak langsetter strekningar for å fjerne dei største flaskehalsane, og å betre trafikktryggleik og framkome på strekningane. Dette vil først og fremst gjelde på C- og

**D-vegnettet (hhv. lokale hovudveggar og lokale samleveggar). Det vert også her først og fremst teke sikte på tiltak som kan gjennomførast utan reguleringsplan. For meir omfattande tiltak som krev reguleringsplan, vil bli innarbeida i neste rullering av RTP Investeringar, og omfatta av porteføljeprioriteringa, jf prosjektlister nedanfor.**

Som grunnlag for fordeling av midlar under denne løyvinga vert det arbeidd med betre oversyn over utfordringane med vegnettet. Særleg relevant er bereevnemålingar, kartlegging av rekkverk og andre vedlikehaldskartleggingar som blir gjennomførte no. Andre kunnskapsgrunnlag, som t.d. kartlegging av skredpunkt og vegar som er aktuelle for modulvogntog, er også viktige. Gjennom dette arbeidet vil vi få betre grunnlag for å kunne prioritere tiltak vidare.

I budsjettframlegg for 2024 er det også lagt inn mindre strekningsvise prosjekt for fv. 424 Kaupanger-Sogndal lufthamn, fv. 620 Kjøde – Sandvik og fv 587 Arna-Midtun (Grimesvingane).

Døme på strekningar som ligg i denne rulleringa av RTP Investeringar er:

Fv. 569 Modalsvegen  
Fv. 5242 Vestsidvegen  
Fv. 611 Sæle-Engebø

Det er også lagt til grunn fleire strekningsvise prosjekt under avsnittet Prioriterte hovudveggar. Dette er fv. 48 Mundheim-Holdhus, fv. 57 Sløvåg-Rutledal og fv 57 Storehaugen-Perhaugen, med vidare punkttiltak mot Bygstad. Det blir gjennomført strekningsvise tiltak på fv 79 Granvin- Øystese og fv. 500 Årsnes-Folgefonntunellen

## 2.4 Samfinansiering

Samfinansiering er eit verktøy for få realisert fleire fylkesvegprosjekt, i samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunar, private verksemdar eller staten. For å bli vurdert bør tiltaket gi betre trafikktryggleik, betre framkome, vera tiltak for mjuke trafikantar eller kollektivtiltak. Midlane skal nyttast til mindre prosjekt der andre går inn med bidrag. Aktuelle samfinansieringsprosjekt kan variera i kostnad mellom nokre få hundre

tusen kroner til fleire hundre millionar kroner. Det er som omtalt i avsnitt 2.2. lagt til grunn 100 mill. kr. til ei eiga løyving for samfinansieringsprosjekt.

Fylkesdirektøren legg følgjande til grunn for samfinansieringsprosjekt:

- **Mindre tiltak kan dekkast innafor den årlege løyvinga til posten samfinansiering. Dette vil gjera det mogeleg å realisera byggeklare, gode tiltak som oppstår i samhandling med kommunar og andre gjennom året, på ein rask og ubyråkratisk måte.**
- **Middels store tiltak kan dekkast innafor rammeløyvinga til samfinansiering når tiltaket er tilstrekkeleg planavklart og har finansiering. Desse prosjekta treng ofte ytterlegare planavklaring og dialog, og må «konkurrera» med andre tilsvarande tiltak innafor rammene.**
- **Samfinansieringsprosjekt over 50 mill. kr vil normalt krevja fylkeskommunal løyving utover rammene til samfinansiering. Desse prosjekta vil få eiga linje under dei andre rammeløyvingane, og budsjettprosessen for desse er tilsvarande andre fylkesvegprosjekt.**

Ei rekke mindre og middels store tiltak realiserast eller er i prosess under ordninga. Mellom anna kan nemnast:

- **Punktutbetringar på fv 571 i Masfjorden og Gulen** der også overskotsmassar frå oppgradering av tunnelar på E39 vert nytta.
- **Hovden -Etablering av gs-veg langs fv 570 og 57**
- **Utbetring av Leirdalskrysset på Bømlo**
- **Etablering av fortau i Jensanesvegen på Stord i samband med kommunalt VA- arbeid**
- **Utbetring ved Onarheim på Tysnes**
- **Gatelys på fv 4984 langs Eikeland kapell på Sveio**

Lista er ikkje uttømmende og i tråd med ordninga si intensjon vert tiltak vurdert kontinuerleg gjennom året.

### 3. Porteføljeprioritering

For å få ei meir føreseieleg oversikt over kva tiltak som vert prioriterte og kva prosjekt som må vente til vi får tilstrekkeleg med midlar, er det lagt opp til eit system med porteføljeprioritering.

Prioriteringane vert basert på følgjande:

- Måloppnåing i forhold til Regional transportplan 2022-2033 (jf. prioriteringskriteria)
- Planstatus og prosjekta si modning
- Samla rammer til sektoren.
- Prosjektkostnader og finansieringsmoglegheiter for prosjekta.
- Andre forhold som gjer at prosjektet bør prioriterast, t.d. avhengigheit i forhold til statlege og kommunale prosjekt.

Vidare skal prosjektporteføljen sikre tilrettelegging for vekst og utvikling i alle delar av fylket.

Hovudmålet er

- Vestland skal ha eit trygt, effektivt og framtidretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling.

Delmål - Fylkesvegnettet

- Veksten i forfallet på fylkesvegnettet skal stoppast
- Fylkesvegnettet skal vere opent og trygt å ferdast på.
- Fylkesvegnettet skal vere sikra og tilpassa framtidige klimaendringar

Delmål - Mobilitet og kollektivtransport

- Fleire skal velje å gå, sykle eller nytte kollektivtransport i staden for bil

Det er lagt opp til eit porteføljestyringssystem med kriterium for kva som er føremålet med, eller det prosjektutløysande behovet for prosjektet. Bokstavkodane er basert på strategiar i Regional transportplan, og er som følgjar:

A Skuleveg

B Fremje miljøvenleg transportformer

C Stoppe vekst i forfall framfor nybygg

D Framkome

Trafikktryggleik ligg til grunn for alle tiltak, og har difor ikkje fått eit eige kriterium.

På overordna nivå skal byggbarheit, regional balanse og storordriftsfordel takast i betraktning ved prioritering av prosjekt. Kriteria over er ikkje sett i prioritert rekkefølge.

For at prosjekt skal kunne bli klare til bygging, krev det godkjente planar. I prosjektoversyna er det no brukt følgjande

inndeling for å synleggjere kor modne prosjekta er i forhold til planlegging:

Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløyving
Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan
Reguleringsplan under handsaming i kommunen
Reguleringsplan under arbeid
Prosjekt klart til regulering
Prosjekt treng avklaring

Det er også basert på innspel som vart gjort i første versjon av RTP Investeringar i 2022. Vidare skal prosjektporteføljen sikre tilrettelegging for vekst og utvikling i alle delar av fylket.

Fylkesdirektøren har i arbeidet med prioriteringane i denne runden lagt særleg vekt på følgjande:

- Tiltak som kan betre trafikktryggleiken.
- Eiga ramme til mindre utbetringar/ts-tiltak
- Gang- og sykkelprosjekt, særleg skal strekningar med farleg skuleveg bli prioritert. Vidareføre målsetjing om å starte opp to nye større gang- og sykkelprosjekt årleg i Vestland utanom Miljøloftet.
- Kritiske tiltak for å sikre framkome og for å redusere forfallet.
- Prioritere særleg bru og ferjekai
- Vegprosjekt: Prioritere regionale hovudvegar (B-vegar), jf. Strekningsvise utgreiingar
- For C og D-vegnettet: Arbeide vidare med strekningsvis utvikling av vegnettet
- For ein del prosjekt ligg det føre rekkjeføljekrav, gjennomføringsavtalar og spleiselag. Her kan det liggje avhengigheiter til anna finansiering som gjer at prosjekta bør prioriterast.

Det er store behov for tiltak i fylket. Ut i frå økonomiske rammer og kapasitet for gjennomføring. Fylkeskommunen legg vekt på ein kritisk vurdering av prosjekta med sikte på å få mest mogleg ut av tilgjengelege midlar. Det er ikkje midlar til å dekkje alle dei store behova i fylket til investeringar i samferdsel. Det vert difor arbeidd med ein gjennomgang av fleire planavklara prosjekt med sikte på å redusere omfanget av prosjekta og på den måten få meir for pengane.

Følgjande prosjekt blir vurderte med sikte på optimalisering og reduksjon av ambisjonsnivået for prosjekta:

Fv. 574 Bjørgevegen del 2 (Bjørndalsbrotet-Lyderhornsveien)

Fv. 541 Grimstveit-Sveio Sentrum

Fv. 545 Stord vestsida

Fv. 544 Vabakkjen-Sæ (miljøgate Stord)

Fv. 57 Lindås-Mongstad

Fv. 614 Svelgen-Indrehus

Fv. 561 Ny vegline Kolltveit-Ågotnes

## 4. Bompengepakkar og andre pakkar

Kartet på Storymap viser prosjekt på fylkesveg i regi av bompengepakkar, men ikkje prosjekt på riksveg og kommunal veg. Mindre prosjekt i bompengepakkene går heller ikkje fram av kartet.

Stortingsproposisjonane legg føringar for styring av pakkane.

Med utgangspunkt i oppdaterte kostnadsanslag viser det seg at ikkje alle prosjekta let seg finansiere gjennom pakkane. Pakkane skal porteføljestyrt, og det vil vere behov for å ei vurdering av moglegheiter for kostnadsreducerande tiltak og/eller at prosjekt må utgå av pakkane. Det er kontaktutvala for bompengepakkene som har ansvar for porteføljestyrt av pakkane.

Under er bompengepakkar på fylkesveg i Vestland omtala.

### Førdepakken

Førdepakken vart vedteken i 2015 med delvis bompengefinansiering. Samla sett er det 20 prosjekt på riksveg, fylkesveg og kommunal veg. Statens vegvesen er byggherre for pakken.

### Nordhordlandspakken

Nordhordlandspakken vart vedteken i 2017 med delvis bompengefinansiering. Pakken har 19 delprosjekt, og omfattar både fylkesveg- og riksvegprosjekt.

### Askøypakken

Askøypakken vart vedteken i 2013 med delvis bompengefinansiering av fylkesvegprosjekt. Revidert Askøypakke blei vedtatt mai 2022, og legg opp til eit bidrag i finansiering med ytterlegare 648 mill. kr. til fullføring av dei attverande prosjekta i pakken.

### Bypakke Bergen

Bypakke Bergen inngår som del av byvekstavtalen for Bergensområdet, og finansierer ulike tiltak for å nå det nasjonale målet om nullvekst i persontransport med personbil i Bergen. Prosjekta i Bergen er omtala under Miljøløftet.

### Kvinnheradpakken

Stortinget vedtok bompengepakken i mai 2022. Den er delvis finansiert gjennom bruk av m.a. fylkeskommunale skredsikringsmidlar. Pakken omfattar 7 prosjekt på fylkesveg, inklusiv ei samleløyving til punkttiltak/TS-tiltak.

### Bømlopakken

Stortinget vedtok Revidert Bømlopakke i desember 2021, med 3 hovudprosjekt og 3 reserveprosjekt på fylkesveg.

### Kvammapakken

Innkrevjinga i Kvammapakken går til å dekke lån til tidlegare investeringar, og det vert ikkje sett i gang nye prosjekt i pakken.

### Haugalandspakken

Haugalandspakken har ikkje innkreving i Vestland, men omfattar prosjekt i Sveio og Etne kommunar. Pakken skal etter planen avsluttast sommaren 2023, men det er søkt om forlenging. Om den vert forlenga, kan det vere aktuelt med eit prosjekt på grensa mellom Sveio og Haugesund på fv. 47, samt på E134 i Etne.

### Austevollpakken

Austevollpakken er ikkje ein bompengepakke, men eit spleiselag med Austevoll kommune om tiltak på fylkesveg i kommunen. Pakken omfattar 4 prosjekt, med ei ramme på om lag 160 mill. kr.

## 5. Mjuke trafikantar

Tiltak for tilrettelegging for mjuke trafikantar er delt opp i prosjekt innanfor avtaleområdet til Miljøløftet, og for Vestland utanom Miljøløftet (heretter omtalt som Vestland). For prosjekt i avtalekommunane til Miljøløftet sjå Miljøløftet lenger bak i dokumentet.

Alle prosjekta er vurdert ut frå eit hovudmål om å få fleire til å gå og sykla i staden for å nytte bil.

For prosjekta i Vestland ligg definerte delmål og prioriteringskriterium i Strategi for mjuke trafikantar til grunn. Hovudkriteria for rangering er:

- **Avstand mellom heim og skule (strekningar nær skular blir prioritert)**
- **Befolkningstettleik langs ei strekning (strekningar som har mange potensielle brukarar blir prioritert)**
- **Om anlegget tener fleire daglege gjeremål (strekningar med stort bruksområde blir prioritert).**

Tabellane nedanfor viser prosjekt som er aktuelle for oppstart fordelt på 1. og 2. periode. Prosjekta er lista opp ut frå modenheit. Hovudkriteria for rangering av prosjekta gir grunnlag til å vurdere kva prosjekt som blir prioritert for vidare arbeid med utgreiing og reguleringsplanarbeid. Prosjekta som er vurdert med høgast måloppnåing er fv. 5704 Firdavegen, fv. 5402 Ringheimsvegen, fv. 5056 Saghaugen/Kjøtteinsvegen og fv. 544 Vabakkjen-Sæ.

Spleiselag og/eller rekkjefølgjekrav kan vera aktuelt på ein del av strekningane, men dette vil bli avklart på eit seinare tidspunkt. Fargekodane viser modenheit for prosjekta, skildra i tidlegare kapittel.



## Mjuke trafikantar – 1. periode (2023-2026)

### Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløyving

- **Fv. 576 Loftås-Hauge, Osterøy**
  - Gang- og sykkelveg. Lengde 1,6 km
  - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
  - Prosjektet ligg i budsjettet. Utlysing planlagt 1. halvår 2024
- **Fv. 79 Øystese-Laupsa, Kvam**
  - Fullføring av fortau mellom Øystese sentrum og Laupsa, som ikkje vart ferdig i Kvammapakken. Lengde ca. 380 m.
  - Prioritet: B (fremje miljøvenlege transportformer)
  - Reguleringsplan 10 år april 2023. Er i gang med grunnnerv.
- **Fv. 611 Eikefjord-Sunnarvik, Kinn**
  - Bygging av gang- og sykkelveg, lengde ca. 1350 m.
  - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
  - Forventa oppstart hausten 2023. Ønsker midlar til å utvide prosjektet som er ferdig regulert (del 2).
- **Fv. 601 Prestfossen bru – gang og sykkelbru, Sunnfjord**
  - For å få eit samanhengande tilbod av god kvalitet for mjuke trafikantar mellom to fylkesvegprosjekt i Førdepakken må det byggjast ny Prestefossen bru.

- Dialog med Sunnfjord kommune om finansiering av gangbrua.
- Førdepakken kan gjennomføre tiltaket.
- Kostnad: 30-45 mill. kr.

### Reguleringsplan under arbeid

- **Fv. 49 Egne Hjem, Ullensvang**
  - Breiddeutviding av veg og bygging av fortau. Generell rydding og opprusting av gatestruktur. Lengde på prosjekt ca. 300 m.
  - Prioritet: A (skuleveg), D (framkome)
  - Reguleringsplan i kommunal regi. Ventar vedtak i slutten av 2023.
  - Vurderast som klar for oppstart for bygging i slutten av 1. periode.
  - Kostnad: 80-120 mill. kr.
- **Fv. 615 Sandane-Storebrua, Gloppen**
  - Fortau fram til bru over Gloppeelva.
  - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
  - Del 1 av Sandane-Fitje. Oppstart bygging i 2025/2026.
  - Kostnad: 50-120 mill. kr.
- **Fv. 271 Sjukehusvegen frå kryss Skulevegen til kryss Ofta, Lærdal**
  - Fortau (inkl. ny køyrebru med fortau)
  - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transport-



Det er ei målsetting om å starta opp to nye gang- og sykkelprosjekt utanom Miljøloftet årleg. Frå opning av Brandsøyvegen i Florø.  
Foto: Heidi Ravnestad

former)

- Oppstart regulering 2023. Vert teke sikte på byggestart i 2025.
- Kostnad: 90-170 mill. kr.
- **Fv. 5402 Ringheimsvegen (frå Rognstunet), Voss**
  - Fortau, lengde 600 m
  - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
  - Oppstart regulering i 2023. Vert teke sikte på byggestart 2026.
  - Kostnad: 55-110 mill. kr.

#### Prosjekt klart til regulering

- **Fv. 5704 Brandsøy–Solheim (Solheims-stranda til rv.5), Kinn**
  - Fortau vidare austover frå Solheimsstranda til rv.5.
  - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
  - Oppstart regulering i 2023. Vert teke sikte på byggestart 2026.
  - Kostnad: 35-50 mill. kr.

## Mjuke trafikantar – 2. periode (2027-2033)

#### Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

- **Fv. 60 Skogstad-Hilde (Innvik), Stryn**
  - Tilbod til gåande og sykklande frå Hildestranda til sentrum, om lag 900 m, inkl. ny gs-bru og utbetring av køyreveg.
  - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
  - Sjå på Storelva bru i samanheng med dette prosjektet
- **Fv. 615 Sandane sentrum, miljøgate, Gloppen**
  - Opprusting til miljøgate. Lengde ca. 130 m
  - Prioritet: B (fremje miljøvenlege transportformer)
  - Områderegulering. Ikkje behov for detaljregulering.

#### Reguleringsplan under arbeid

- **Fv. 500/548 Opsanger-Reset, Kvinnherad**
  - Gang- og sykkelveg
  - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
  - GS tiltak i Kvinnherads pakken, men blir truleg ikkje realisert grunna økonomien i pakken. Det vert vurdert to byggetrinn, eit i bompengepakka og eit utanom pakka.
- **Fv. 609 Holmedal skule, Askvoll**
  - Bygging av gang- og sykkelveg 1,2 km austover frå Hol-

medal skule

- Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
- Planarbeid pågår i kommunal regi

#### Prosjekt klart til regulering

- **Fv. 5731 Sandane–Austreim, Gloppen**
  - Bygging og utbetring av fortau i sentrumsnær gate som knyter bustadområde til sentrum og skular. Om lag 800 m strekning.
  - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
  - Avvente regulering
- **Fv. 5012 Giljevegen, Bømlo**
  - Gang- og sykkeleg frå Alsvågkrysset til Svortland. Skuleveg for ungdomsskule og vidaregåande. Vil bitte saman nær 1000 mennesker med tettstaden Svortland.
  - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
  - Rest fra Bømlopakken. Avvente regulering.
- **Fv. 60 Byrkjelo-Øvresetsvingen, Gloppen**
  - Etablere fortau eller gs-veg sentrumsnært i Byrkjelo. Prioritet:
  - A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
  - Avvente regulering
- **Fv. 615 Storebrua-Fitje, Gloppen**
  - Fortau og ny bru over Gloppeelva
  - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
  - Del 2 av Sandane-Fitje. Avventar regulering av delstrekninga.
  - Kostnad: 85-195 mill. kr inkl. ny bru.
- **Fv. 5392 Bordalsvegen, Voss herad**
  - Bygge fortau frå byggefelta ved Nedre Storehagen og Haugateigen ned mot Voss sentrum. Kan også bli behov for noko utviding av veg.
  - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
  - Avvente regulering.
- **Litlabøvegen, Stord**
  - 650 meter med manglande gang- og sykkelveg
  - Aktuell som samfinansieringsprosjekt med kommunen

#### Prosjekt treng avklaring

- **Fv. 57 Dalsvegen (sentrum), Fjaler**

- Bygge fortau frå sentrum til helsetun. Trong for ny bru og/eller utvida kulvert i tillegg til nytt fortau.
  - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
  - Avventar vidare avklaring.
- **Fv. 605 Eivindvik, Gulen**
    - Betre tilrettelegging for mjuke trafikantar.
    - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
    - Uavklarte tiltak. Avventar forprosjekt og eventuell regulering.
- **Fv. 5704 Firdavegen, Florø, Kinn**
    - Strekning på 900 m som treng oppgradering av fortau. I tillegg blir det vurdert om det skal byggast sykkelfelt og fortau på begge sider. Førebels uavklart. Lengde ca. 900 m.
    - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
    - Forprosjekt ferdig i 2023.
    - Kostnad: 55-160 mill. kr avhengig av løysing.
- **Fv 5609 Njøs-Røysum, Sogndal**
    - Fortau og delvis utviding av veg. Lengde ca. 2,2 km.
    - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
    - Forprosjekt i 2023 for å avklare løysingar og utstrekning. Behov for ny reguleringsplan.
- **Fv. 49/ fv. 5132 Bjelkarvik-Bjørkheim, Samnanger**
    - Betre tilrettelegging for mjuke trafikantar.
    - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
    - Avventar områdeplan i kommunal regi før ein tek stilling til aktuelle tiltaket.
- **Fv. 546 Skånevik sentrum, Etne**
    - Betre tilrettelegging for mjuke trafikantar.
    - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
    - Uavklart tiltak. Avventar forprosjekt.
- **Fv. 4980 Gullvegen, Sveio**
    - Gang- og sykkelveg
    - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
    - Uavklart tiltak. Avventar forprosjekt.
- **Fv. 5056 Saghaugen/Kjøtteinsvegen, Leirvik, Stord**
    - Oppgradering og utviding av dagens fortau. Vurdering av aktuelle tilbod til syklande. Lengde ca. 1300 m.
    - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transport-

former)

- Startar forprosjekt i løpet av 2023 for å sjå samla på løysingar for mjuke trafikantar i Leirvik sentrum. Forprosjekt planlagt ferdig juni 2024.
- Kostnad: 110-340 mill. kr.

- **Fv. 544 Vabakkjen–Sæ (miljøgate), Stord**

- Opprusting av gate og bygging av sykkelveg med fortau. Lengde 2,2 km totalt.
- Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
- Forprosjekt for å avklare løysingar og eventuell optimalisering av reguleringsplan.

- **Fv. 49 Sætveithagen-Jondal, Ullensvang**

- Betre tilrettelegging for mjuke trafikantar.
- Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenlege transportformer)
- Forprosjekt i 2023 for å avklare løysingar.

## 6. Skredsikring

I Regional transportplan 2022-2033 er det lagt til grunn slik strategi for prioritering av skred:

«Ved prioritering og utbetring av skredpunkt skal nasjonal skredfaktor leggst til grunn, samt tilleggsmoment som ÅDT, lokale og regionale verknader av stengt veg, geologiske vurderingar og frekvens på skred».

Prioriteringane bygger på denne strategien. Det er i tillegg vektlagt regional balanse i prioritering av skredpunkt. Dei første prosjekta er prioriterte i rekkjefølgje.

I 2023 får Vestland fylkeskommune litt under 470 mill. kr til særskilt fordeling til ras- og skredsikringstiltak på fylkesveg gjennom inntektssystemet for fylkeskommunane. I tråd med tidlegare vedtak i fylkestinget, skal desse midlane i heilskap gå til skredsikringstiltak.

Det er lagt opp til at om lag 100 mill. kr årleg blir avsett til mindre tiltak innan skredsikring. Dei konkrete mindre tiltaka vert prioriterte gjennom årsbudsjetta til fylkeskommunen.

Følgjande kan nemnast:

Fv. 569 Vikaberget - Vaksdal kommune, Fv. 53 Tyttebærholten - Årdal kommune, Fv. 569 Slottet – Modalen kommune, Fv. 5096 Felevika – Eidfjord kommune, Fv. 79 Kvanndal aust – Voss herad



## Skredsikring – 1. periode (2023-2026)

### Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

- Fv. 609 Heilevang, Askvoll/Sunnfjord
  - Ny vegline med 2450 m tunell
  - Prioritet: D (framkome)
  - Totalentreprise. Vedtatt bygging i fylkestinget i mars 2023.

### Reguleringsplan under arbeid

- Fv. 49 Steinsdalen-Eikedalen (Tokagjelet), Kvam/Samnanger
  - Ny vegline med 9,6 km lang tunnel. Tilbod for mjuke trafikantar på delar av strekninga.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Vedtak reguleringsplan venta i 2025. Vurdering av delvis bompengefinansiering.
  - Kostnad 2 500-3 000 mill. kr.

## Skredsikring – 2. periode (2027-2033)

### Reguleringsplan under handsaming i kommunen

- Fv. 55 Bru over Esefjorden, Sogndal
  - Ny vegline med bru. Lengde ca. 750 m. Inkl. tilbod for mjuke trafikantar.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Forslag til reguleringsplan er oversendt kommunen, og vert sendt på høyring våren 2023. Vedteke å starte vurdering av delvis bompengefinansiering.
  - Kostnad: 770-950 mill. kr.

### Reguleringsplan under arbeid

- Fv. 49 Nordrepollen-Austrepollen, Kvinnherad
  - Ny vegline med tunnel og veg i dagen.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Avklare traseval i reguleringsfasen. Vedtak av reguleringsplan venta i 2025.

### Prosjekt treng avklaring

- Fv. 5600 Arnafjorden, Vik
  - Skredsikring av strekninga Eitreneset-Valsvikhammaren. Vurdering av alternativ for skredsikring med ny veg i tunnel og punkttiltak langs eksisterande veg. Omfang ikkje avklart.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Gjennomføre forprosjekt i 2023-24 (oppdatering av tidlegare forprosjekt).
- Fv. 5724 Oldedalen, Stryn
  - Vurdering av tunnel, skredoverbygg og andre skredsikringstiltak. Omfang ikkje avklart.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Forprosjekt gjennomførast i 2024.
- Fv. 79 Steinstøberget, Kvam
  - Vurdering av skredsikring med ny vegline og tunell. Omfang av tiltak ikkje avklart.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Forprosjekt gjennomførast i 2023-2024. Vurdere samhandling med fv. 49 Steinsdalen-Eikedalen.
  - Kostnad: 500-700 mill. kr.



Det er starte opp regulering av fv. 49 Nordrepollen - Austrepollen.  
Foto Silje Alvsaker/Vestland fylkeskommune





# 7. Prioriterte regionale hovudveggar

I Regional transportplan 2022-2033 er det lagt til grunn utviklingsstrategi i tråd med kunnskapsgrunnlaget Strekningsvise utgreiingar. Dette gjeld følgjande strekningar, jf. kart:

- Fv. 48 Årsnes-Tysse, Kvinnherad, Kvam, Bjørnafjorden og Samnanger kommunar
- Fv. 49 Odda-Jondal-Trengereid, Ullensvang, Kvam, Samnanger og Bergen kommunar
- Fv. 55 Skjolden-Sogndal og Dragsvik-Vadheim, Luster, Sogndal og Høyanger kommunar
- Fv. 57 Knarvik-Storehaug, Alver, Austrheim, Gulen, Hyllestad, Fjaler og Sunnfjord kommunar

- Fv. 79 Granvin-Norheimsund, Voss kommune og Kvam herad
- Fv. 500 Austrepollen-Ranavik, Kvinnherad kommune
- Fv. 609 Dale-Askvoll-Førde, Fjaler, Askvoll og Sunnfjord kommunar
- Fv. 615 Storebru-Sandane, Kinn og Gloppen kommunar



Det vert lagt opp til ei ramme på 800 mill. kr i økonomiplanperioden til prioriterte hovudveggar.

## Prioriterte regionale hovudvegar – 1. periode (2023-2026)

### Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløyving

- **Fv. 57 Holmeli-Nistadlia, Fjaler**
  - Utbetring av ca. 1,7 km veg. På strekninga mellom Halsnes og Holmeli skal 500 m av eksisterande veg nyttast til gs-veg.
  - Prioritet: D (framkome)
  - 1. etappe av Sætenes-Nistadlia. Lyst ut. Venta ferdig 2025.
  - Kostnad: 50-55 mill. kr
- **Fv. 500 Folgefonn-Årsnes, Kvinnherad**
  - Utbetring av veg. Ekstramidlar 50 mill. til tiltak i Kvinnheradpakken
  - Prioritet: D (framkome)
  - Under bygging

### Reguleringsplan under arbeid

- **Fv. 57 Strandanes-Holmeli, Fjaler**
  - Utbetring av veg. Breiddeutviding og utbetring av kurvatur. Lengde ca. 2350 m.
  - Prioritet: D (framkome)
  - 2. etappe av Sætenes-Nistadlia. Oppstart i 2025. Vurderer behov for ev. endring av reguleringsplan.
  - Kostnad: Førebels anslått til om lag 135 mill. kr.
- **Fv. 55 Høyheim-Nes, Luster**
  - Utbetring av veg. Breiddeutviding og utbetring av kurvatur. Lengde ca. 2,4 km.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Oppstart bygging 2023
  - Kostnad: 150-250 mill. kr

## Prioriterte regionale hovudvegar – 2. periode (2027-2033)

### Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

- **Fv. 57 Storehaugen-Perhaugen, Sunnfjord**
  - Utbetring av veg og etablering av gs-veg. Lengde ca. 2,4 km.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Prosjektet betinger at E39 Hafstadfjelltunnelen blir prioritert i NTP pga. bruk av masser. Det blir også vurdert bruk av masser på fv 57 mot Bygstad frå eldre deponi.
  - Kostnad: 140-200 mill. kr

### Reguleringsplan under arbeid

- **Fv. 57 Sætenes-Strandanes, Fjaler**
  - Utbetring av veg. Omfang av tiltak ikkje avklart. Total veglengde ca. 2,7 km.
  - Prioritet: D
  - 3. etappe av Sætenes-Nistadlia. Vurderast for delvis bompengefinansiering. Kommunen regulerer.
- **Fv. 55 Tronvik-Ulvåna, Høyanger**
  - Delvis utbetring langs eksisterande veg, delvis ny vegline. Lengde ca. 5,5 km.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Reguleringsplan under arbeid og venta vedteken i 2024.
  - Kostnad: 225-525 mill. kr

### Prosjekt treng avklaring

- **Fv. 57 Lindås tettstad-Mongstad, Alver**
  - Utbetring av kryss, veg og etablering av gs-veg.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Reguleringsplan under handsaming. Omfattande plan. Behov for å optimalisere prosjektet, ev. byggje ut delar. Omfang av tiltak er difor ikkje avklart.
- **Fv. 57 Båtevik-Storehaug, Sunnfjord**
  - Utbetring/planlegging av ny vegline og tilrettelegging for mjuke trafikantar.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Arbeid med kommunedelplan pågår. Må avklare framtidig vegline før oppstart av regulering.
- **Fv. 57 Sløvåg-Rutledal, Gulen**
  - Strekningsvise tiltak for betre framkome. Omfang ikkje avklart.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Gjennomføre forprosjekt i 2024 for å vurdere mindre strekningsvise tiltak.
- **Fv. 48 Mundheim-Holdhus, Kvam/Bjørnafjorden**
  - Utbetring av vegline for betre framkome. Omfang ikkje avklart.
  - Prioritet: C (stoppe vekst i forfall framfor nybygg), D (framkome)
  - Oppstart av nytt forprosjekt i 2024. Behov for å gjennomgå tidlegare forprosjekt.

## 8. Bru og kai

I Regional transportplan 2022-2033 er det lagt til grunn slik strategi for prioritering av bruer:

«Bruer med høgast skadegrad og der forfall har stor betydning for levetid skal prioriterast for vedlikehald og oppgradering».

Prioriteringane byggjer på dette. Behovet her er mykje større, men det er avgrensing på kapasiteten på gjennomføring av vedlikehaldsprosjekt. Det er utarbeida fagleg grunnlag for bru og ferjekai, sjå underlagsrapport-rtp--bru-ferjekai-og-hurtigbatkai\_28.06.21.pdf (vestlandfylke.no)

I tillegg til investeringsmidlane vert det sett av driftsmidlar til tiltaket.

### Bru og kai – 1. periode (2023-2026)

#### Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløyving

- Fv. 542 Bømlafjordbrua, Bømlø
  - Vedlikehald av bæresystem
  - Prioritet: D (framkome)
  - Pågåande prosjekt, venta ferdig 2024
  - Kostnad: Førebels overslag om lag 70 mill. kr for fullføring.

#### Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

- Fv. 616 Oldersund, Bremanger
  - Vedlikehald av bæresystem.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Oppstart i 2024
- Fv. 616 Hamrøy, Bremanger
  - Vedlikehald av bæresystem.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Oppstart i 2024
- Fv. 583 Kulvert Osøyro, Bjørnafjorden
  - Kulvert 115 m
  - Prioritet: D (framkome)
  - Grunnundersøkingar. Ikkje behov for regulering. Oppstart ikkje avklara.
  - Kostnad: Førebels overslag over 100 mill. kr (overslaget er usikkert)

#### Prosjekt klart til regulering

- Fv. 571 Mollandseid, Masfjorden
  - Ny bru (ca. 8-10 m) og omlegging av veg inn mot bru.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Under avklaring om det er behov for regulering. Oppstart i slutten av økonomiplanperioden.



Alverstraumen bru



- Kostnad: 60-70 mill. kr
- **Fv. 5591 Rørdalsfjord, Solund**
  - Vurdere ny bru. Dagens brulengde er 80 m.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Planarbeid har forventta oppstart andre halvdel av 2023. Planlagt utbygging i 2025-2027. Nøyaktig lengde på ny bru vil komme ut frå plan og prosjekteringsarbeid.
  - Kostnad: 70-80 mill. kr

## Bru og kai – 2. periode (2027-2033)

### Reguleringsplan under arbeid

- **Fv. 565 Alverstraumen, Alver**
  - Ny bru og vegsystem på begge sider, ca. 205 m.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Reguleringsplan til vedtak våren 2023. Totalentreprise med samspel. Planlagt utlysing i 2025.
  - Kostnad: 560-730 mill. kr

### Prosjekt klart til regulering

- **Fv. 570 Risnes, Masfjorden**
  - Ny bru, ca. 105 m.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Reguleringsplanarbeidet vil trolig pågå frem til medio 2026. Plassering av bru og lengda på brua blir avklart i reguleringsplanarbeidet. Utlysing 2027/2028 avhengig av framdrifta på planarbeidet.
  - Kostnad: 135-180 mill. kr

### Prosjekt treng avklaring

- **Fv. 79 Fykksesund bru, Kvam**
  - Ny bru eller oppgradering av eksisterande bru. Lengde og omfang uavklart.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Oppstart av forprosjekt i 2024 for å avklare om brua skal ha omfattande vedlikehald eller byggje ny bru.

## Kai for ferje og hurtigbåt

I Regional transportplan 2022-2033 er det lagt til grunn slik strategi for prioritering av kai og hurtigbåtkai:

«Ferjekaier som står i fare for at kaien og sambandet vert stengt grunna skader og forfall, og behov for modernisering skal prioriterast for vedlikehald og oppgradering».

Prioriteringane byggjer på denne strategien. Det er brukt tilsvarande strategi i forhold til hurtigbåtkai. Alle prosjekta er definert som mindre tiltak (under 50 mill. kr), og vert fordelte gjennom budsjett og økonomiplan.

## 9. Tunnel

I regional transportplan 2022-2033 er det lagt inn slik strategi for tunnel:

«Fylkesveg tunnelane med høgast trafikkmengd, stigning og lengde skal prioriterast for oppgradering etter tunneltryggleiksføresegna (TSF) innan 2031».

Det er utarbeida eit fagleg grunnlag for tunnelar som er omfatta av tunneltryggleiksforskrifta for fylkesveg, sjå rtp-tunneloppgradering-etter-tsf.pdf (vestlandfylke.no). Forskrifta gjeld for tunnelar som er 500 meter eller lengre, og har ÅDT på 300 eller meir.

I det faglege grunnlaget vart minimumskrav etter forskrift rekna til om lag 1,8 mrd. kr og nærare 3,1 mrd. kr om ein skal følgje faglege tilrådingar og tilleggselement som har kome i handbok N500 Vegtunnelar. SSB sin indeks for kostnadsutvikling for vegtunnelar viser ein vekst på i underkant av 30 pst sidan 1. kvartal 2019 (kunnskapsgrunnlaget er basert på 2019-tal).

I det faglege grunnlaget vart minimumskrav etter forskrift rekna til om lag 1,8 mrd. kr og nærare 3,1 mrd. kr om ein skal følgje faglege tilrådingar og tilleggselement som har kome i handbok N500 Vegtunnelar. Det er behov for å vurdere rekkefølga for prosjekt nærare. Dette dels grunna at kostnadene har vist seg å vere ein del høgare enn antatt i det faglege grunnlaget for tunnel. Det er også behov for å avklare nærare konsekvensane den samla trafikksituasjon i Bergensområdet av rehabilitering av trafikkunge tunnelar. Dette må også koordinerast med statlege tunneltiltak. Det er også store behov for oppgradering av tunnelar som ikkje er omfatta av tunneltryggleiksforskrifta for fylkesveg, og fylkesdirektøren vil vurdere også desse. For fv. 49 Folgefonntunnelen er det også behov for å vurdere oppgradering i samband med pågåande arbeid med KVU 134 – Bergen.

Fylkeskommunen mottok i inneverande år 128 mill.kr. gjennom inntektssystemet til fylkeskommunane til særskild fordeling for kompensasjon for tunneltryggleiksforskrifta for fylkesveg. Med 200 mill. kr årleg vil det i avgrensa grad vere mogleg å gjere andre tiltak enn minstekrava i forskrifta i dei tunnelane som rehabiliterast. Det er også eit stort behov for tiltak i tunnelar som ikkje er omfatta av forskrifta. Med dette løyvningsnivået vil fylkeskommunen ikkje nå kravet i forskrifta om at alle tunnelar skal vere oppgraderte etter forskrifta innan utgangen av 2031.



## Tunnel – 1. periode (2023-2026)

### Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløyving

- **Fv. 5633 Seimsdalstunellen, Årdal**
  - Tunneloppgradering
  - Prioritet: D (framkome)
  - Under ferdigstilling

- **Fv. 566 Tirsåstunellen, Osterøy**
  - Tunneloppgradering
  - Prioritet: D (framkome)
  - Venta ferdig 2025

### Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

- **Fv. 53 Tunellar i Årdal (Finnsås, Kolnos og Timreskred), Årdal**
  - Tunneloppgradering
  - Prioritet: D (framkome)
  - Byggestart 2026/2027
  - Kostnad: 180-300 mill. kr

- **Fv. 53 Steiggjetunellen, Årdal**
  - Tunneloppgradering
  - Prioritet: D (framkome)
  - Byggestart 2025/ 2026
  - Kostnad: 80-130 mill. kr

- **Fv. 614 Magnhildskar-tunellen, Kinn/ Bremanger**
  - Tunneloppgradering
  - Prioritet: D (framkome)
  - Byggestart 2024
  - Kostnad: 230-380 mill. kr

- **Fv. 550 Eitrheimstunellen, Ullensvang**
  - Tunneloppgradering
  - Prioritet: D (framkome)
  - Byggestart 2024
  - Kostnad: 150-250 mill. kr

- **Fv. 540 Løvestakktunellen, Bergen**
  - Tunneloppgradering
  - Prioritet: D (framkome)
  - Kan ikkje starte før rv. 555 Damsgårdstunellen er ferdig (2025). Framtidig rolle for tunnelen må avklarast før oppstart.
  - Kostnad: 210-350 mill. kr
- **Fv. 50 Vassbygdtunellen,, Aurland**
  - Tunneloppgradering
  - Prioritet: D (framkome)
  - Prioriterast grunna massetransport i samband med oppgradering av E16 Lærdalstunellen. Byggestart 2024.
  - Kostnad: 60-100 mill. kr
- **Fv. 614 Isetunellen, Bremanger**
  - Tunneloppgradering
  - Prioritet: D (framkome)
  - Oppstart etter 2027
- **Fv. 562 Olsviktunellen, Bergen**
  - Tunneloppgradering
  - Prioritet: D (framkome)
  - Oppstart etter 2027. Tidspunkt er uavklart, grunna behov for koordinering med oppgradering av riksveggtunnelar.
  - Kostnad: 30-50 mill. kr
- **Fv. 562 Stongafjell-tunnelen, Askøy**
  - Tunneloppgradering
  - Prioritet: D (framkome)
  - Oppstart etter 2027. Tidspunkt er uavklart, grunna behov for koordinering med oppgradering av riksveggtunnelar.
  - Kostnad: 25-40 mill. kr

Det er førebels ikkje gjort ein vidare prioritering av tunneloppgraderingsprosjekta for 2. del av planperioden.

## 10. Ferjeavløysingsprosjekt

Eit ferjeavløysingsprosjekt inneber at det blir bygd eit nytt vegsamband, vanlegvis ei bru eller ein undersjøisk tunnel med tilhøyrande vegnett, som erstattar eller kortar inn på eit ferjesamband. Ordninga med alternativ bruk av ferjetilskot for fylkesvegferjer legg til rette for at fylkeskommunane kan delfinansiere slike prosjekt med midlane dei får for ferjesambandet gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Storleiken på ferjeavløysingsmidlane blir rekna ut på bakgrunn av reduksjon i tilskot gjennom inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst eller korta inn av ei bru eller ein tunnel. Reduksjonen blir berekna som nettoeffekten av å endre kriteriedata i båt- og ferjenøkkelen og fylkesvegnettøkkelen i inntektssystemet.

Ordninga dekkjer nominelle byggjekostnader og inntil 50 prosent av berekna rentekostnader som går over maksimalt 45 år. Det er oppretta ei rentekompensasjonsordning der fylkeskommunen får kompensert inntil 50 prosent av dei årlege rentekostnadane dei første fem åra etter at vegprosjektet er ferdig.

Ferjeavløysingsordninga gir moglegheit for realisering av ferjeavløysingsprosjekt. Sjølv om ferjeavløysingsordninga gir eit betydeleg tilskot til prosjekta, er dette alle omfattande prosjekt som er krevjande for fylkeskommunen å finansiere av følgjande grunner:

- **Utgiftene kjem føre inntektene, slik at fylkeskommunen må oppta lån for å finansiere prosjektet. Dette påverkar fylkeskommunen si gjeldsgrad, og moglegheit for å realisere andre prosjekt.**
- **Ved høge prosjektkostnadar vil ferjeavløysingsmidlane berre dekkje delar av investeringskostnaden.**
- **Renteutgifter vert ikkje dekka, og bompengar kan ikkje nyttast til å dekkje renteutgifter**
- **Det har vore gitt avslag for innkorting av samband når det ikkje er nokon som får full avløysing av ferje. Dette gjeld for innkorting av ferjesambanda Stord-Kvinnherad, Huglo-Kvinnherad og Huftarøy-Reksteren.**
- **Tilskotet blir prisjustert årleg med 2,5 pst., som medfører ein prisrisiko for fylkeskommunen.**

Det blir lagt til grunn at ferjeavløysingsprosjekt skal vurderast ut i frå dei same kriteria som andre prosjekt i fylket ut i frå den nytten dei gjer opp mot den belastninga det gjer for fylkesbudsjettet.

I Vestland er det 9 prosjekt som er godkjente som ferjeavløysingsprosjekt.

### Ferjeavløysingsprosjekt – 1. periode (2023-2026)

#### Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløying

- **Fv. 606 Ytre Steinsund bru, Solund**
  - Ny bru og vegline. 840 meter bru og 4,8 km ny veg
  - Prioritet: D (framkome)
  - Under bygging. Forventa opning 2026
  - Kostnad: Om lag 800 mill. kr

#### Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

- **Fv. 5560 Atløysambandet, Askvoll**
  - Ny bru og vegline
  - Prioritet: D (framkome)
  - Ligg i budsjettet frå 2026. Må avklare endeleg oppstart når svar på søknad om ferjeavløysingsprosjekt ligg føre. Vurdere flytting av løyving til 2027.
  - Kostnad: Om lag 1 300 mill. kr

### Ferjeavløysingsprosjekt – 2. periode (2027-2033)

#### Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

- **Fv. 570 Masfjord-sambandet, Masfjorden**
  - Ny bru og vegline
  - Prioritet: D (framkome)
  - I første omgang gjennomføre ei oppdatering av kostnadsgrunnlag og finansieringsplan for sambandet.

#### Reguleringsplan under arbeid

- **Fv. 5052 Fjeldbergsambandet, Kvinnherad**
  - Ny bru
  - Prioritet: D (framkome)
  - Reguleringsplan i kommunal regi

#### Prosjekt treng avklaring

- **Ny – Kystvegen Måløy-Florø, Kinn/Bremanger**
  - Kryssing av Nordfjorden med bru. Ny vegline mellom rv. 15 Almennings-fjellet og Rugsundøya/fv. 616
  - Prioritet: D (framkome)
  - Bedt KDD om overslag over ferjeavløysingsmidlar. Vert utarbeida ein finansieringsanalyse basert på bompengar og ferjeavløysingsmidlar.
  - Kostnad: 5 000–7 850 mill. kr
- **Fv. 5042 Huglosambandet, Stord/Tysnes**
  - Bru over Lauksundet med vegsamband. Sjå og omtale av Sunnfast. Omfang ikkje avklara.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Godkjent kommunedelplan for 1–feltsveg med møte-

plassar. Realisering av Sunnfast vil gje Huglo ferjeavløysing, og vil i så fall krevje ei anna løysing.

- **Ny – Sunnfast, Stord/Tysnes/Kvinnherad**
  - Nye bruer og vegline mellom ny E39 over Tysnes og Husnes-området i Kvinnherad. Kommunane har bedt fylkeskommunen om å starte opp planarbeid med vurdering av alternativ løysing med ferjeavløysing til Huglo og ferje vidare mot Husnes.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Førset bygging av E39 Hordfast. Bru over Husnesfjorden godkjent som ferjeavløysings-prosjekt. Fylkeskommunen har i tillegg bedt om godkjenning av bru til Huglo med ferjesamband over Husnesfjorden som ferjeavløysingsprosjekt, og bedt om overslag over ferjeavløysingsmidlar. Det må utarbeidast ei finansieringsanalyse
- **Fv. 5218 Bjelkarøysambandet, Øygarden/Bergen**
- **I planprogram for ferjeavløysing for Bjelkarøysambandet frå 2013 vart det vedteke trase med undersjøisk tunnel.**
  - Prioritet: D (framkome)
  - Hordaland fylkeskommune gjekk ikkje vidare med denne løysinga. Vidare framdrift er avhengig av ev. kommunalt initiativ for ei bru-løysing.
- **Ny – Nytt samband mellom og Huftarøy og Reksteren, Austevoll/Tysnes**
  - Vurdering av både bru og nytt ferjesamband mellom Huftarøy og Reksteren til erstatning for dagens samband til Austevoll
  - Prioritet: D (framkome)
  - Førset bygging av E39 Hordfast. Kommunen har utarbeidd eit forprosjekt for bru, og fylkeskommunen eit for nytt ferjesamband. Fylkeskommunen avventar svar om ferjeavløysingsmidlar for å kunne vurdere finansieringsmoglegheiter.

## 11. Infrastrukturprosjekt knytt til kollektivtrafikken

Eit velfungerande kollektivsystem er avhengig av god infrastruktur. Publikumsretta infrastruktur som knutepunkt/terminalar er godt synleg i det offentlege rom. I tillegg har vi mindre synleg infrastruktur som bussanlegg med parkeringsareal, ladeinfrastruktur og verkstad.

I samband med tiltak 2.10 i Handlingsprogrammet til RTP Kartlegging av viktige kollektivknutepunkt og oppgraderingsbehov i Vestland utanom Bergensområdet vil det i løpet av 2023 bli utarbeidd ei oversikt over dei viktigaste knutepunkta. Her vil det komme oversikt over behov for oppgradering, men og etablering, flytting og endring av infrastruktur.

Oppgradering og nybygging er aktuelt mellom anna fordi eksisterande knutepunkt ikkje tilfredsstillar krav til universell utforming, trafikktryggleik eller manglar vesentleg funksjonalitet. Transformasjon av sentrumsområde rundt om i fylket er og ein viktig faktor som utløyser behov for investeringar på kollektivinfrastruktur.

Både stat, fylke og kommune har viktige roller knytt til utvikling av gode kollektivknutepunkt. Ansvarsfordeling og prioritering har vore ei utfordring når det har vore behov for tiltak på knutepunkt. Statens vegvesen har saman med Jernbanedirektoratet og Kommunesektorens Organisasjon utarbeida eit rammeverk for korleis ein i fellesskap skal utvikle gode knutepunkt. Veileder for helhetlig knutepunktutvikling vart publisert i 2018.

Rettleiaren seier at fylkeskommunen som ansvarleg for det regionale kollektivsystemet skal peike ut dei viktigaste knutepunkta i fylket. Fylkeskommunen skal og ta initiativ til samordning av knutepunktprosjekt om ikkje andre aktørar gjer dette.

Når det gjeld det formelle ansvaret for planlegging, utbygging og drift – så skal det følgje infrastruktureigarskapet, dvs. veigeigar.

Det er ulike modellar for bygging og drift av kollektivnett, der fylkeskommunen kan ha langsiktige leigeavtalar og eie infrastrukturen sjølve.

Tradisjonelt har fylkeskommunen direkte eller indirekte gjennom rutekjøpsavtalar finansiert dei fleste kollektivknutepunkt. Staten prioriterer ikkje dette feltet høgt i dag. Mange av dei største kollektivknutepunkta i stamrutenettet ligg nær ein riksveg. Det betyr at det er naturleg å utfordre staten som veigeigar til å utvikle og drifte slike knutepunkt. Der knutepunkta tener både statleg og fylkeskommunal veg, vil det

vere naturleg å invitere til spleiselag.

Blant knutepunkta med behov for tiltak som er med i denne oversikta, er det fleire som vil vere naturleg å utfordre staten som vegeigar til å bidra.

## Infrastrukturprosjekt knytt til kollektivtrafikken – 1. periode (2023-2026)

### Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

- Fv. 49 Kollektivterminal Norheimsund, Kvam
  - Kollektivterminal
  - Ombygging pga. utradisjonell utforming. Trongt.
- Fv. 5028 Kollektivterminal Husnes, Kvinnherad
  - Kollektivterminal
- E39 Kollektivterminal Skei, Sunnfjord
  - Kollektivterminal
  - Behov for betre standard, universell utforming og trafikktryggleik

### Reguleringsplan under handsaming i kommunen

- Fv. 617 Kollektivterminal Måløy, Kinn
  - Kollektivterminal
  - Behov for forbetring av universell utforming og trafikktryggleik.

### Reguleringsplan under arbeid

- Fv. 601 Kollektivterminal Førde, Sunnfjord
  - Kollektivterminal
  - Relokalisering på tomte og opparbeiding av nytt knutepunkt som følge av Førdepakken og transformasjon. Reguleringsplanarbeid for sykkelveg med fortau og ny kollektivterminal er starta opp av Førdepakken.

### Prosjekt treng avklaring

- Rv. 7 Kollektivterminal Eidfjord, Eidfjord
  - Kollektivterminal
  - Nedslitt terminal. Ikkje universell utforming. Forbetringspotensial på trafikktrygging. Er i dialog med kommunen knytt til løysingar. Ikkje avklara om det er trong for reguleringsplan eller ikkje.
- E134 Kollektivterminal Etne, Etne
  - Kollektivterminal
  - Mellombels løysing er vurdert som god. Men det er ynskje om å erveve grunnen.

## Infrastrukturprosjekt knytt til kollektivtrafikken – 2. periode (2027-2033)

### Reguleringsplan under arbeid

- Fv. 615 Kollektivterminal Sandane, Gloppen
  - Kollektivterminal
  - Transformasjon i området tvingar fram ny terminal

### Prosjekt treng avklaring

- Rv. 15 Kollektivterminal Stryn, Stryn
  - Kollektivterminal
  - Transformasjon i området kan få konsekvensar for kollektivfunksjonane.
- Fv. 544 Kollektivterminal Leirvik, Stord
  - Kollektivterminal
  - Planer om å flytte terminal vekk frå kaia. Kommunen styrer forprosjekt, snart ferdig forprosjekt.
- Rv. 5 Kollektivterminal Sogndal, Sogndal
  - Kollektivterminal
  - Enkelt forprosjekt er gjennomført. Det pågår no diskusjonar med utbyggar som har eit parallelt forprosjekt for tomte, løysingane er difor til diskusjon no - og prosjektet vert difor merka som prosjekt treng avklaring (sjølv om forprosjekt er gjennomført).



## 12. Vegprosjekt

Grunna dei økonomiske rammene og mange behov, er det i avgrensa grad moglegheit å prioritere store vegprosjekt i fylket. Det er i Regional transportplan 2022-2033 lagt til grunn følgjande strategiar for vegnettet:

- «h) Sikre forsvarleg og berekraftig forvaltning av vegnettet gjennom å prioritere vedlikehald og utbetring av eksisterande veg framfor nybygging.
- i) Budsjettrammene til løpande drift og vedlikehald skal aukast for å stoppe forfall og redusere vedlikehaldsetterslep
- j) Funksjonsinndelinga av fylkesvegnettet skal leggjast til grunn for prioritering av drift, vedlikehald, utbetring, fornying og standard på vegdrifta.
- k) Vegar med funksjonsklasse B skal prioriterast ved gjennomføring av strekningsvise standardhevingstiltak.
- l) For vegfunksjonsklasse C, D og E er punktutbetring og strekningsutbetring aktuelt»

Prioritering av vegar i funksjonsklasse B som er omfatta av strekningsvise utgreiningar, er omtala i avsnittet om Prioriterte regionale hovudvegar. For vegar i funksjonsklasse C og D er det lagt til Strekningsvise punkttiltak og mindre utbetringar.

Det er for Vegar gjort ei prioritering av større vegprosjekt som ikkje inngår i Prioriterte regionale hovudvegar. Dette er vegar som i utgangspunktet er over 50 mill. kr.

Det er i prioritering av vegnettet i lagt vekt på vegprosjekt der spleiselag og kombinasjon med andre tiltak i området fører til at det er behov for prioritering av prosjekta.

### Vegprosjekt – 1. periode (2023-2026)

#### Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

- **Fv. 548 Skånevik-Nesvågen, Etne**
  - Breiddeutviding med fortau. Lengde ca. 1600 m.
  - Prioritet: A (skuleveg), D (framkome)
  - Oppstart bygging i 2024
  - Kostnad: Om lag 140 mill. kr
- **Fv. 5156 Åsen-Helleskaret, Bjørnafjorden**
  - Nytt vegsamband.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Bygging i mai 2023/ tilskotet frå kommunen inngår i hp Miljøløftet 2024-2027. Behov for å justere/oppdatere finansieringsavtale med kommunen. Kostnad: Om lag 140 mill. kr

- **Fv. 560 Hammersland-Eide, Øygarden**
  - Ny vegline, kort tunell.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Veg skal leggest lenger bort frå drikkevasskjelde. Totalentreprise, kan bli lyst ut i 2024.
  - Kostnad: 550-700 mill. kr
- **Fv. 5184 Grimstadvegen, Bergen**
  - Utbetring av veg, tilbod til mjuke trafikantar.
  - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenleg transportformer), D (framkome)
  - Samfinansieringsprosjekt og rekkjeføljekrav. Forprosjekt ferdig sommaren 2023. Kan vere klart for oppstart i 2025. Teknisk forprosjekt under arbeid.
  - Kostnad: 225-340 mill. kr
- **Fv. 569 Bavallsvegen, Voss**
  - Utbetre veg og fortau.
  - Prioritet: B (fremje miljøvenleg transportformer), D (framkome)
  - Rekkjeføljekrav, krev finansieringsavtale med utbyggjar. Voss kommune bidreg med samfinansiering. Aktuell for oppstart i 2024/2025.
  - Kostnad: 180-280 mill. kr

#### Reguleringsplan under arbeid

- **Fv. 611 Sæle -Engebø, Sunnfjord**
  - Utbetring av vegline.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Venta vedtak av reguleringsplan sommaren 2023. Oppstart bygging i 2025.
  - Kostnad: Førebels anslått til om lag 125 mill. kr

### Vegprosjekt – 2. periode (2027-2033)

#### Reguleringsplan under handsaming i kommunen

- **Fv. 614 Svelgen-Indrehus, Bremanger**
  - Ny veg og tunell. Reguleringsplanen legg opp til ny vegline inkl. 4 tunnelar. Reduksjon i reiselengde frå 16 km i dag til ca. 8 km med ny veg.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Reguleringsplan til handsaming i kommunen. Utsett grunna høge kostnader. Vurderer alternative løysingar med m.a. meir bruk av dagens vegline.
- **Fv. 5062 Tverrsambandet sjukehuset- Ådland bru (Øvre Sæ-Tysevegen), Stord**
  - Nytt tverrsamband over Frugårdselva, mellom fv. 544 og fv. 5050 via fv. 5062.
  - Prioritet: D (framkome)

- Motsegn mot planframlegg, uavklart framdrift og finansiering.
  - **Fv. 545 Stord vestside (kommunegrense Stord – Fitjar), Stord/ Fitjar**
    - Utbetring av vegline
    - Prioritet: D (framkome)
    - Reguleringsplanen vurderast i samband med optimaliseringsprosjektet.
    - Kostnad: 100-180 mill. kr
  - **Fv. 541 Krossleitet-Grimstvedt-Sveio sentrum, Sveio**
    - Utbetring av veg og tilbod til mjuke trafikantar
    - Prioritet: D (framkome)
    - Reguleringsplan under arbeid. Kommunen gjort vedtak om endringar i plan. Del av optimaliseringsprosjektet.
    - Kostnad: 340-500 mill. kr
- Reguleringsplan under arbeid**
- **Fv. 562 Juvikflaten, Askøy**
    - Utbetring av kryss og veg.
    - Prioritet: D (framkome)
    - Kommunen utarbeidar reguleringsplan
- Prosjekt treng avklaring**
- **Fv.5242 Vestsidevegen, Øygarden**
    - Diverse tiltak, gang og sykkel, vegutbetring. Lengde 1,2 km.
    - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenleg transportformer), D (framkome)
  - Forprosjekt pågår. Vurderer m.a. om tiltak kan løysast utan reguleringsplan. Må vurdere om finansiering skal vere i Miljøløftet eller utanom.
  - Kostnad: 800-1 150 mill. kr for full utbygging
  - **Fv. 561 Kolltveit-Sture, Øygarden**
    - Betre trafikktryggleik for mjuke trafikantar. Omfang ikkje avklart.
    - Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenleg transportformer)
    - Gjennomført kartlegging av kryssingspunkt. Behov for forprosjekt.
  - **Fv. 587 Arnatveit-Midtn (Grimesvingane), Bergen**
    - Tunell eller vegutbetring.
    - Prioritet: D (framkome)
    - Gjennomført eit forprosjekt for akuttiltak. Utarbeida forprosjekt som rår til tunell. Finansiering av denne er ikkje avklara.
  - **Fv 569 Modalsvegen, Vaksdal/Modalen/Alver**
    - Strekningsvise utbetringar. Omfang ikkje avklart.
    - Prioritet: C (stoppe vekst i forfall framfor nybygg), D (framkome)
    - Politisk prioritert i investeringsprogrammet. Inkluderer også fv. 5412. Bør ha eit forprosjekt i 2024 som viser tenkt punktliste.
  - **Fv. 617 Kapellneset-Raudeberg, Kinn**
    - Utbetring av veg og tilbod til mjuke trafikantar. Lengde ca. 1,7 km.



Fv. 60 Olden - Innvik.  
Foto: Silje Drevdal/Statens vegvesen

- Prioritet: A (skuleveg), B (fremje miljøvenleg transportformer), D (framkome)
- Forprosjekt pågår. Vurdering av samfinansiering i samband med nytt kommunalt VA-anlegg og næringsutvikling.
- **Fv. 620 Kjøde-Sandvik, Stad**
  - Utbetring av veg
  - Prioritet: D (framkome)
  - Vurdere trinnvis utbygging. Eit delprosjekt aktuell under løyving Mindre prosjekt i 2024.
  - Kostnad: 215-500 mill. kr for full utbygging
- **Fv. 561 Dale bru, Øygarden**
  - Oppgradering av bru og vegline.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Har vore arbeidd med reguleringsplan. Vurderer no mindre omfang av prosjektet. Heng saman med Energiparken.
- **Fv. 576 Gjermundshamn-Tørvikbygd, Kvam/Kvinnherad**
  - Utbetring av vegline.
  - Prioritet: D (framkome)
  - Aktuelt for eit forprosjekt for å vurdere punkttiltak i 2024.
- **Fv. 424 Vesterland-Storamyri, Sogndal**
  - Utbetring av veg og delvis ny vegline.
  - Prioritet: D (framkome)
  - I første omgang vurdere gjennomføring av punkttiltak på strekninga Storamyra-Sogndal lufthamn. På sikt vurdere samfinansiering med kommunen og utbygging av byggefelt for bygging av ny vegline i nedre del.

## 13. Miljøløftet

Det fylkeskommunale bidraget i Miljøløftet skal i hovudsak gå til tiltak for kollektivtrafikk, sykling og gåing, men skal også kunna omfatta investeringar i bybanevogner, infrastruktur for låg- og nullutsleppsteknologi i kollektivtrafikken, tiltak i driftsinfrastruktur for kollektivtrafikken, i tillegg til vedlikeholdstiltak med investeringskarakter på fylkesvegnettet i avtaleområdet. I tillegg har Miljøløftet ei rekke pottar som nyttast til ulike formål.

Det er i handlingsprogrammet til Miljøløftet 2024-2027 sett av ein eigen pott på 15,3 mill. kr årleg av dei fylkeskommunale midlane til å planlegge fylkesveg. Kva tiltak ein skal starte planlegging av vert avgjort i eigen politisk sak, og det er fylkeskommunen som avgjer kva tiltak som skal planleggast. Frå 2025 rår fylkesdirektøren til at potten for planlegging vert trekt ut av handlingsprogrammet for Miljøløftet og inkludert i ein heilskapleg post for planlegging for tiltak på fylkesveg. Dette rokkar ikkje ved den økonomiske forpliktelsen Vlfk har inn i Miljøløftet. I staden vert kostnader knytt til prosjektering og mva for fylkeskommunale tiltak med statleg tilskot prioritert opp. Dette er kostnader som til nå er belasta fylkesvegbudsjettet utanfor Miljøløftet. Det vert peika på at det er svært uheldig at staten ikkje dekker prosjekteringskostnader når dei løyver midlar til prosjekt på fylkesveg og kommunal veg.

Miljøløftet har eit eige prioriteringssystem, slik at prosjekta ikkje er vurderte ut i frå prioriteringskriteriene nemnde i avsnitt 3. Likevel vil ikkje fylkeskommunen føre opp tiltak i 1. budsjettår dersom det ikkje ligg føre vedteken reguleringsplan ved tidspunktet for innspel til kommande handlingsprogram. Det er viktig for fylkeskommunen å ha eigarskap til prosjekta som vert prioriterte ved rullering av handlingsprogram. Særskild gjeld dette kostnader og framdrift. Det er



Brusteinsgate i Bergen  
Foto: Silje Alvsaker/Vestland fylkeskommune



avgjerande med god dialog mellom kommunane og fylkeskommunen om aktuelle tiltak. Jo nærmare eit tiltak er realisering, jo viktigare er det at fylkeskommunen som byggherre er kjend med og går god for dei aktuelle prosjekta.

Nærare informasjon om prosjekta finst i Miljøløftet sitt handlingsprogram og prosjektportefølje, sjå [www.miljoloftet.no](http://www.miljoloftet.no)

Prosjekta som ligg inne i Handlingsprogrammet til Miljøløftet for perioden 2024-2027 er oppført under.

## Miljøløftet – 1. periode

### Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløyving

- **Fv. 5190 Apeltunvegen, Bergen**
  - Strakstiltak for å betre tilhøva for mjuke trafikantar på ein strekning på 1,8 km. Aktuelle tiltak er justering av fartsgrense, belysning, oppgradere kryssingspunkt og fortau, utbetre sikt, skilting og utforming av avkjørsler og kryss der det er mogleg utan reguleringsplan.
- **Fv. 5324 Hagerupsveg- Storetveitvegen- Nattlandsveien, oppgradering av sykkelfelt/ fartsputer, Bergen**
  - Oppgradering av gata mellom Birkeveien og Vilhelm Bjerknes' vei med sykkelfelt og fortau. Fartsreducerende tiltak. Tiltaket inkluderer oppgradering av holdeplassar og oppstramming av kryss.
- **Fv 552 Hatvikvegen, Bjørnafjorden kommune**
  - Post 30 Miljøløftet
  - Etablering av trafikksikker- og attraktiv gang- og sykkeløyving langs Hatvikvegen. Endring av vegline.
- **Fv.5254 Kleppevegen ved Myrane, Askøy**
  - Post 30 Miljøløftet
  - Endring av kryss og avkjørsler, etablering av gang- og sykkelveg/fortau, ny busshaldeplass, og "kiss and ride"
- **Fv 5308 Utbetring av Sagstadvegen, Alver**
  - Post 30 Miljøløftet
  - Etablere ny trafikksikker infrastruktur med oppgradert vegkropp, ny gang- og sykkelveg / fortau og ny bussholdeplass på strekingen mellom rundkjøring ved Frekhaug og Sagstad skule
- **Fv 5156 Åsen-Helleskaret, Bjørnafjorden**
  - Bygging av 2 km ny veg, prosjektet er under oppstart og venta ferdigstilt i 2025

### Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

- **Fv. 5452 Leknesvegen, Alver**
  - Post 30 Miljøløftet
  - Etablere ny og trafikksikker infrastruktur med fortau og

avkjørselssanering mellom eksisterande fortau og fram til krysset til Hillesvåg, kollektivterminal og mot bustadområder mot Kleivdalsvegen og Apalen.

- Starte prosjektering i 2023

- **Fv 5458 Ostereidet/Lindsdalen, Alver**
  - Post 30 Miljøløftet
  - "Etablering av 350-400 m gang og sykkelveg/ fortau langs bratt fylkesveg mellom Ostereidet Senter og kommunal veg til Ostereidet skule.
- **Fv. 560 Skogsskiftet sentrumsområde, Øygarden**
  - Tiltaket betrar trafikktryggleiken på fylkesvegen, etablerer samanhengande GS-veg langs fylkesvegen, , betrer forholda for kollektiv, etablerer miljøgate og torg i sentrum
  - Prosjektoptimalisering pågår fram mot rullering av hp 2025-2028.
- **Fv. 510 Trolldalen- Lepsøyvegen, Bjørnafjorden**
  - Etablering av gang- og sykkeløyving

### Reguleringsplan under handsaming i kommunen

- **Fv 582 Storetveitvegen, Hagerupsveg-Minde Alle, Bergen**
  - Post 30 Miljøløftet
- **Sykelveg med fortau og haldeplassar. Utbetring av vegbane, etablering av rundkjøring og trygge kryssingspunkt for mjuke trafikantar.**
- **Fv. 582 Årstad, Storetveitvegen, (Hagerupsveg-Fantoft), sykkelanlegg, Bergen**
  - Post 30 Miljøløftet
  - Bygging av 1,4 km med sykkelveg med fortau, og utbetring av vegkryss

### Reguleringsplan under arbeid

- **Fv.585 Nattlandsvegen, Birkelundstoppen-Hagerupsveg nord, Bergen**
  - Post 30 Miljøløftet
  - Oppgradering av veg med sykkelfelt, fortau og mogleg kollektivfelt på ein 900 meter lang strekning
- **Fv 558 Tennebekk næringsområde, Bergen**
  - Etablere meir trafikksikker løyving for tilkomst til Tennebekk næringsområde.
- **Fv. 5306 Hesthaugvegen, Åsane terminal-Morvik, del 1 Åsane terminal-Haukedalen skole, Bergen kommune**
  - Etablering av sykkelveg med fortau og betre framkome for kollektivtrafikk, betring av trafikktryggleik på ei strekning på litt over 1 km



**Prosjekt klart til regulering**

- **Fv. 5354 Garnesvegen, Bergen**
  - Etablere tilbod for mjuke trafikantar lang Garnesvegen. Tiltrådinga er at det blir etablert eit smalare gatetverrsnitt, med redusert fartsgrense, og med tosidig fortau til skuleområdet, og einsidig fortau vidare til krysset ved Rasmusvegen. Det er tilrådd at heile strekninga bør reguleras og byggast, men med mogleg etappevis utbygging, der strekninga Bommane-skuleområdet bør byggast ut først.
  - Planmidler i 2023, aktuelt tiltak for kommende rulleringer hp Miljøløftet
- **Fv. 5206 Kjøkkelvikvegen, Bergen**
  - Utbygging av samanhengande gang- og sykkeltilbod, samt haldeplassar, på ein strekning på om lag 1,8 km med samanhengande og eintydig tilbod til mjuke trafikantar langs Kjøkkelvikveien mellom Sotraveien og Fæsterhuset.

**Prosjekt treng avklaring**

- **Fv. 5452 Hillesvåg – Apalen, Bergen**
  - Post 30 Miljøløftet
  - Trafikksikkert tilbod med gang- og sykkelveg langs smal og trafikkarleg skuleveg. 0,6 km.
- **Fv 5474 Seim, Alver**
  - Ny trafikktrygg infrastruktur med fortau, busshaldeplassar og sanering av avkøyrslar
  - Behov for oppdatert reguleringsplan
- **Fv. 5242/5244 Miljøgate Ågotnes, Øygarden**
  - Post 30 Miljøløftet
  - Første byggetrinn av miljøgate frå parkeringsplass Kårtveitpollen langs fylkesvegen til innkøring til dagens kollektivterminal. Tiltaket inkluderer gang/sykeltrase
  - Kommunen regulerer. Ikkje tilstrekkeleg vurdert av Vestland fylkeskommune, må vurderast fram mot neste rullering
- **Gater i sentrum, Bergen**
  - Reparere setningsskader, særleg på brusteinsvegar
  - Kartlegge behov for utbetring/vedlikehald av desse gatene, og ut frå dette avklare framdrifta mot andre prosjekt som skal byggast i sentrum.
- **Fv 5348 Klostergaten og Haugeveien, Bergen**
  - Strekninga treng opprusting for å prioritere mjuke trafikantar og universell utforming i sentrum. Strekninga er om lag 350 m, omfattar heile Klostergaten og Markeveien ned til Christian Michelsensgate.
- **Fv 565 Manger kyrkje- Hesthaugen, Alver**

- Etablering av ca 120 meter fortau i Manger sentrum, ved innkjørselen mot Rema 1000.
- Ikkje tilstrekkeleg vurdert av Vestland fylkeskommune, må vurderast fram mot neste rullering

• **Fv 565 Hilland, Alver**

- Etablere ei rundkøyring i kryss Fv565 x Hillandsvegen, vil bidra til forlenging av stamlina Knarvik-Alversund til over Alversundbrua.
- Ikkje tilstrekkeleg vurdert av Vestland fylkeskommune, må vurderast fram mot neste rullering

• **Fv 5264 Nordre Hauglandsveg, Askøy**

- Etablere gang- og sykkelveg på Nordre Hauglandsveg, ca. 400 m fra Kjerrgardskrysset. Bedre gangtilkomst til busstopp.
- Ikkje tilstrekkeleg vurdert av Vestland fylkeskommune, spesielt spes. kostnader. Må vurderast fram mot neste rullering.

Behovet for utbygging og oppgradering av infrastruktur for mjuke trafikantar er stort innanfor Miljøløftet sitt geografiske nedslagsfelt, også ut over dei tiltaka som er nemde ovanfor. Nedanfor blir det peika på aktuelle strekningar med behov for utbygging, og som er aktuelle for realisering gjennom seinare rulleringar av Miljøløftet sitt handlingsprogram.

Rangering og prioritering av prosjekt skjer gjennom porteføljestyring inn mot årlege rulleringar av Regional transportplan investeringar og handlingsprogrammet til Miljøløftet. Oversikten syner prosjekt som er særskild aktuelle for fylkeskommunen å vurdere ved framtidige rulleringar av dokumenta. Det vil vere tidlegare omtalte portefølje- og prioriteringskriterium som avgjer kva prosjekt som vil vere aktuelle innan Miljøløftet og kva som må takast gjennom fylkesbudsjettet. Lista er ikkje uttømmende, og ikkje rangert.

**Prosjekt som er aktuelle for 2. periode (2024-2027)****Reguleringsplan under handsaming i kommunen**

- **Fv. 564 Salhusveien, Bergen**
  - Sykkelveg med fortau, haldeplassar
  - Inngår i portefolio Miljøløftet Inngått finansieringsavtale om ekstern medfinansiering. Planutkast har vore på høyring.
- **Fv. 5256 Erdalsvegen, Askøy**
  - Gang- og sykkelveg

**Reguleringsplan under arbeid**

- **Fv. 5364 Dag Hammerskjoldsveg, Benshaugen -tunnel, Bergen**
  - Sykkelveg med fortau

- Kommunen arbeider med områdeplan.
- **Fv. 5364 Dag Hammerskjoldsveg Bergen,**
  - Kollektivfelt
  - Kommunen arbeider med områdeplan.
- **Fv. 5364 Torgny Segerstvedtsveg – Lillehatten -tunnelen, Bergen**
  - Sykkelveg med fortau
  - Kommunen arbeider med områdeplan
- **Fv. 552 Mobergsbakken, Bjørnafjorden**
  - Uavklart løysing
  - Kommunen arbeider med områdeplan
- **Fv. 552 Hatvikvegen (inkludert bybrua), Bjørnafjorden**
  - Sykkelveg med fortau
  - Kommunen arbeider med områdeplan
- **Fv 583 Byvegen, Bjørnafjorden**
  - Sykkelveg med fortau
  - Kommunen arbeider med områdeplan
- **Fv. 563 Ask - X Floridavegen-X Signalvegen, Askøy**
  - Gang og sykkelveg
  - Reguleringsplan i kommunal regi
- **Fv. 5240 Arefjordvegen, Øygarden**
  - Fortau eller gs-veg
  - Reguleringsplan i kommunal regi

#### Prosjekt klart til regulering

- **Fv. 5354 Garnesvegen, Bergen**
  - Fortau, tosidig til skuleområdet, einssidig vidare til kryssset ved Rasmusvegen. Redusert fartsgrense.
  - Heile strekninga bør regulerast og byggast, mogleg etappevis utbygging, der strekninga Bommane-skuleområdet bør byggast ut først.
- **Fv. 5170 Kollektivfelt Sandslivegen, Bergen**
  - Kollektivfelt frå haldeplass Eldsbakkane i fv. 5170 Sandslivegen til fv. 5186 Dolvikvegen
- **Fv. 5174 Kokstadvegen, Bergen**
  - GS-anlegg og kollektivfelt
  - Forprosjekt fullført.
- **Fv. 5190 Apeltunvegen, Langsiktige tiltak, Bergen**
  - Gang- og sykkeltiltak
  - Forprosjekt fullført.
- **Fv. 5472 Kleivane, Alver**
  - Fortau

- **Fv. 5218 Austre Sundvegen (Klokkarvik), Øygarden**
  - Fortau
  - Gamal reguleringsplan.

#### Prosjekt treng avklaring

- **Fv. 574 Bjørgeveien, Bjørndalsbrotet- Lyderhornsveien, Bergen**
  - Sykkelveg med fortau
  - Inngår i portefolio Miljøløftet.
  - Vurderingar rundt prosjektoptimalisering pågår.
- **Fv.5200 m.fl. Infrastruktur Paradis -vidare utbygging, Bergen**
  - Vidare utbygging og kopling mot tilgrensande tiltak.
- **Fv. 585 Haukelandsveien (Ibsensgate-Fløenbakken), Bergen**
  - Forbedra tilbod til gåande, syklande og kollektivreisande
  - Oppstart forprosjekt august 2023 for å avklare løysingar.
- **Fv. 584 Michael Krohns gt. Bergen**
  - Forbetringar av dagens sykkeltilbod
- **Fv. 57 Knarvik -Isdalstø, Alver**
  - Sykkelveg med fortau
  - Komplisert strekning med fleire avhengigheiter.
  - Forprosjekt ikkje starta.
- **Fv. 565 Alversund-Isdalstø, Alver**
  - Sykkelveg med fortau
  - Treng avklaringar og reguleringsplan
  - Forprosjekt ikkje starta.
- **Fv.564 Holme Mjåtveit, Alver**
  - Gang- og sykkelveg
  - Uavklart utstrekning og omfang.
  - Deler av strekninga ligg i Nordhordlandspakken.
- **Fv. 556/5200Kryssing av E39 ved Fjøsanger, Bergen**
  - Lokalveg for gang og sykkel knytt til det statlege gs-prosjektet Fjøsanger -Kristianborg
- **5216 Loddefjord terminal, Bergen**
  - Oppgradering av kollektivterminal og sykkelveg med fortau
  - Forprosjekt pågår

Miljøløftet set klare rammer for kva for prosjekt som kan finansierast gjennom byvestavtalen. Det fylkeskommunale bidraget i Miljøløftet representerer meir eller mindre alt av investeringsmidlar som er tilgjengeleg for fylkesvegnettet innanfor Bergen kommune. Midlane i avtalen skal porteføljestyrt etter nullvekstmålet, noko som kan skape utfordringar når det er investeringsbehov som ikkje bidrag til måloppnåing av nullvekstmålet. VLFK er ansvarleg for at fylkesvegnettet skal vere tenleg, trygt og effektivt, noko som kan innebere behov for nye investeringar i Bergen kommune.

Bergen har ei rekkje brusteinsgater i sentrum med stort vedlikehaldsetterslep. Vedlikehald av brusteinsgater er kostbart og tidkrevjande. Det er naudsynt å sjå utbetringa/vedlikehaldet i samanheng med andre prosjekt som går i sentrum, som Bybanens byggetrinn 5 og Graveklubbens arbeid. Det vert foreslått å starte med ei utgreiing for å kartlegge behov for utbetring/vedlikehald av desse gatene, og ut frå dette avklare framdrifta mot andre prosjekt som skal byggast i sentrum.

